



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46
Rune Johan Mikkelsen, 55 57 21 81

Vår dato
02.04.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/4123 433.2
Dykkar referanse

Marit Sangolt
Store Sangolt
5382 SKOGSVÅG

Løyve til utsetting av nordmannsedelgran til juletreproduksjon

Marit Sangolt får løyve til utsetting av nordmannsedelgran på gnr. 48 bnr. 7 i Sund kommune på bestemte vilkår.

Vi viser til søknaden vi mottok 18. mars 2013 om utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon på gnr. 48 bnr. 7 i Sund kommune. Søknaden er vurdert i samarbeid mellom Fylkesmannen sin miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga.

Saka er handsama etter forskrift av 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål, med heimel i naturmangfaldlova. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II ligg til grunn for sakshandsaminga.

Treslag og mengd

Søkjar planlegg å plante 250 nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) kvart år dei neste 15 åra. Nordmannsedelgran er ikkje risikovurdert i samband med svartelista, men er vurdert til å ikkje kunne reproduusere i norsk natur dei neste 50 år¹.

Utsettingsområdet

Den aktuelle eigedomen ligg ved Bakkatjørna like ved Kvalvågen, nordaust i Sund kommune. Dette området er utbygd med einebustader, og utsettingsområdet ligg på kvar side av fylkesveg 198. Plantinga skal skje på innmark i det som er brakklagd jordbruksland og innmarksbeite. Felta er merka A og B i kartvedlegget til søknaden. Planting i år skal skje på felt A som er på om lag 1 daa.

I følgje søk i Naturbase og Artskart er det ikkje registrert sjeldne eller trua naturtypar, artar eller MiS-figurar² i utsettingsområdet eller i nærleiken til dette.

¹ Vedlegg 3 i Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*. Artsdatabanken, Trondheim.

² MiS-figurar er viktige naturverdiar som er registrert gjennom Miljøregistreringar i skog, eit program som er nytta i skogbruket.

Ved bruk av gjødsel og sprøytemiddel i produksjonen bør søkjar vere merksam på potensiell avrenning til Bakkatjørna og moglege negative effektar av dette.

Vurdering

Det er ikkje registrert naturverdiar som krev særskilt omsyn i utsettingsområdet eller i nærlieken til dette. Området er kulturpåverka innmark, og ligg i eit område som er utbygd med einebustader og veg. Nordmannsedelgran er vurdert til å ikkje kunne reproduser i Noreg dei neste åra og trea skal hoggast før dei set frø, noko som minimerer spreiingsfaren til kringliggende område.

Vår vurdering er at saka er godt nok opplyst til å fatte eit vedtak jf. kravet til kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova §§ 8 og 9. Vi kan ikkje sjå at produksjon av juletre på dei omsøkte areala vil medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Sidan planting skal skje i eit sterkt kulturpåverka landskap vil juletreproduksjon i områda som er avteikna i kartvedlegget ikkje medføre belastning på naturmangfaldet utover det som er tilfellet i dag, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet berast av tiltakshavar. Dersom brot på vilkåra i løyvet fører til skade på stadeige naturmangfald må tiltakshavar bere kostnadane for å rette opp i dette.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultata. Søkjar må følgje dei regler som følgjer av anna lovverk, og forsøke å unngå avrenning av gjødsel og sprøytemiddel til Bakkatjørna.

Vedtak

Marit Sangolt får løyve til å sette ut 250 nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) kvart år i perioden 2013 til og med 2022 på gnr. 48 bnr. 7 i Sund kommune på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for felta merkt A og B i kartvedlegget.
- Trea må hoggast før dei set frø.
- Rutinar for å sikre hogst før frøsetting må verte etablerte, og dokumentasjon på dette må visast fram ved eventuelle tilsyn.
- Dette dokumentet må gjerast kjend og overført til ny grunneigar ved eventuelt eigarskifte.
- Dersom juletreproduksjon på eigedomen vert avvikla må trea hoggast.

Klageadgang

Vedtaket kan pålagast innan tre veker, jf. forvaltingslova §§ 28 og 29. Klagen skal stilast til Direktoratet for naturforvaltning, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland, jf. forvaltingslova § 32.

NB!

Eit løyve gitt i medhald av forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål gjev ikkje automatisk omdisponering til skogproduksjon på det omsøkte arealet. Dersom arealet ikkje er disponert til skogproduksjon må du kontakte kommunen.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til

Sund kommune	Postboks 23	5371	Skogsvåg
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
SABIMA			
WWF			